




BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 2, 2001/2002

November, desember og januar

President Bjørn Sandnes



Redaksjonskomite: Arne Vågnes, Endre Sandnes, Leif Sønderland

MØTE 6.11.01

President Bjørn opna møte.
Åremål siden sist: Øyvind Haugen,
Eldar Sæterøy.
Kveldens program tok Øyvind seg
av, opprinnleget var det oppsett
"fritt møte", men på gr. Av skipel
av tidl. Program, trådte Øyvind til
med vising av endel av si store
slidessamling.
I kveld tol han oss med på ein
kavalkade over tid. Fjellturar.
Han stara med å gå 10 år tilbake i
tida, til 1991. Dette året gjekk turen
til Smukksjøsætra ved Høvringen.
I 1992 var turen kommet til
Vangshaugen. Øyving hadde her

fanga opp både vakker natur med
haustfargar og artige situasjons -
bilete av Rotarymedlemmane med
ektefellar.

Med buss gikk turen til Savalen i
1993, ein kanskje litt annleis
"fjelltur". Øyvind tok så ein
bilettripp innom ein av våre
fisketurar til Svanhild og Per på
Drynaholmen. –Tankane går
attende til dengong vi hadde Per
blant oss.

Så var vi innom Gjelivasshytta i
1994, her opplevde vi snødekte
vidder, men berre blide fjes på
bileta!

Neste stopp var Sota Sæter, 2
ganger. Vakker natur med høge
fjell, Tverrådalskjyrkja på 2088 m

o/h.

Øyvind avslutta kavalkaden med
årets tur til Hjelle Sæter, som ligg
mellan Dombås og Hjerkin.
Dette vart ein "nostalgisk" kveld,
då det alltid er både interessant og
nyttig å sjå seg tilbake på positive
opplevelingar i klubben. Bileta til
Øyvind, var som alltid, av ypparste
kvalitet

LS

MØTE 13.11.01

President Bjørn ønsket velkommen
til nytt møte med for anledningen
mange gjester.

- Åremål siden sist:
Rolf H, Jostein og Endre

Programmet for kvelden var:
Jubileumsboken Brattvåg 90 år "På
tross av".
Ved forfatter Rolf Rørhus og lay-
out ved Ingrid Gudbrandsen.

Brattvåg feiret 90 år den 11.
november og er unik i den forstand
at det kan stadfestes en eksakt
grunnleggingsdag. Den 11.11.1911
ble kontrakten om overdragelse av
vannrettighetene i Synnalandsdalen
til Brattvåg Kraftverk underskrevet
av grunneierne på Synnaland og
Årsund og eierne av kraftverket.
Siden har den 11. november blitt
regnet som Brattvåg sin fødselsdag.



Biletet viser Rotarymedlemmar og ektefellar på
ein topp ved Hjellesæter 2001. Presidenten fremst!

Rolf og Ingrunn fortalte med stor innlevelse om arbeide med boken som har pågått i 1 ½ år. Boken er blitt mye mer omfattende enn opprinnelig planlagt. Mange personer er blitt intervjuet i løpet av den tiden arbeidet har pågått og det er blitt samlet inn et stort og unikt billedmateriell fra de første år og frem til i dag.

Tittelen ”På tross av” skal symbolisere at det ikke var noen naturlitte forhold som gjorde at bygdebyen Brattvåg ble til der den er i dag, men snarere tvert imot. Det var noen fjellvann og en elv som til alt overmål rann ut i Synnalandssosen, men som ble ledet til Brattvåg i rør når kraftverket ble bygget. Utover dette var det en naturgitt god havn. Forøvrig var landskapet svært karrigt og bratt. Det er Brattvåg Nærings-samskipnad som står som utgiver av boken som vil bli på 232 sider når den er klar for utgivelse ved månedsskiftet november/desember. En boknemnd har vært støttespiller til Rolf og Ingrunn og denne har bestått av: Anne Bjørg Warnes, Ivar Fjørtoft og Perry Sønderland.

Rolf fortalte om forholda de første åra og sammenlignet disse med i dag og kunne fortelle at utviklinga året skjedde fort også tidligere. Allerede i mars 1912 stod det første huset klar til innflytting og i løpet av det første året hadde 2 bedrifter etablert seg. Innen 1920 hadde 22 bedrifter startet produksjon og dette viser hvilket stort initiativ folk hadde som flyttet hit for å skaffe seg arbeid og en fremtid.

Et annet fremtredende trekk i Brattvåg sin 90-årige historie er den store dognadsinnsatsen som er blitt vist i alle år. Det er nok å nevne det flotte idrettsanlegget,

kirke og bedehus, forsamlingshus, bygdepark, småbåthavn etc. etc.. Vi fikk se noen ”småbiter” av det som er trykket av boken så langt og vi gleder oss til å se sluttproduktet om noen uker.

ES

MØTE 20.11.01

Presidenten ønskete alle velkomne.

- Ingen åremål.
- Refererte frå kort frå møte i klassifikasjonskomiteen.
- Oppfordra alle om å kome med gode forslag til kandidatar.

Dagens hovudprogram:

Torleif Marken – infanteriregiment 11 (IR 11).

Torleif fortalte oss at han hadde lest ei ny interessant bok som han ville fortelje frå:

Hans Olav Brevik: Eit regiment i krig og fred.

Torleif fortalte oss levande om oppstarta av IR 11 og organisasjonstrukturen i hæren i byrjinga av vårt århundre.


Regimenet vart administrert frå Molde, medan ekserserlassen var på Setnesmoen ved Åndalsnes. Vi fekk detaljerte opplysningar om utstyr og våpen som soldatane brukte. Den første regimentsjefen for IR 11 var ein meget fargerik og kontroversiell person: Henrik Angell. Torleif fortalte at det nett er kome ein ny og interessant biografi om Angell som han refererte frå.

Gjennom anekdotar og morosame episodar fekk vi følgje IR 11 i krig og fred. Mellomkrigs-tida var ei vanskeleg tid for forsvaret generelt

med sterke pasifistiske drag i folkedjupet.. 11. april 1940 vart IR 11 mobilisert til innsats. 2800 soldatar møtte på Setnesmoen for å få utstyr og oppdrag. Torleif fortalte om levande om dramatiske episodar og hendingar frå nærområdet sør aust for Setnesmoen (Dombås/Gudbrandsdalen). Vi fekk høre om om namn og kjende personar som hadde leiane posisjonar i IR 11.

Etter krigen vart forsvaret reorganisert, og soldatane fekk lengre tenestetid. Mange frå IR 11 deltok i Tysklandsbrigaden.

AV



*Hovudpersonen i
Torleifs foredrag:
Henrik Angell*

MØTE 27.11.01

President Bjørn ønsket velkommen.

- Gjester:
[Theodor Lorentzen fra Ålesund Øst](#)
- Åremål siden sist:
[Oddmund](#)
- Kveldens program:
Nytt fra mitt yrke,
ved Harald G som er
produksjonssjef ved Hatleholts
Trykkeri AS.

Harald sitt foredrag tok for seg hva som hadde skjedd innen for fagområdene

- Typografi
- Trykking
- Ferdiggjøring
(bokbinding)

Harald startet sin læretid i Aftenposten i 1965 og etter 3 år kunne han ta fagbrev som typograf. På denne tiden var det sterke fagskiller, sterke organisasjoner, det var ingen arbeidsløshet, bra lønn og ofte streiker. Et eksempel på hva man kunne streike for på denne tiden fortalte Harald at på nattskiftene var det vanlig at de fikk servert smørbrød som de fikk fra en nærliggende restaurant. Da smørbrødene ankom den ene natten og ikke hadde det "riktige" pålegg i følge fagforeningen satte de i gang å streike.

Senere har fagskillene blitt mye utvist og det har nærmest vært en industriell revolusjon der dataknologien har kommet på full fart inn i de fleste prosesser og fagforeningene har mistet mye av sin makt mot det de hadde tidligere.

Det trykte ord er i dag gjerne et supplement til alle andre medier. Nytt utstyr har øket produktiviteten, gitt lavere pris og bedre kvalitet.

Digitaltrykk har kommet for fullt og dette gjør at man kan trykke mindre opplag til en fornuftig pris. Ferdiggjøring (bokbindingen) er den prosessen som har hatt minst nyskaping.

Miljøsiden er blitt betydelig bedre tatt vare på i de senere årene. Tidligere var det mye forurensning ved bruk av forskjellige typer kjemikalier til rengjøring og ved bruk av bly. For å motvirke blyforgifting skulle man drikke 1 ltr. helmelk pr. dag. Denne ble gitt av bedriften (Aftenposten). Etter en stund ble den bortforhandlet mot at de ansatte fikk 1 ltr. pils pr. dag. Største forandringer har skjedd siden 1990 pga. utviklingen innen dataknologien. I dag blir mye av arbeidet gjort av andre, for eksempel reklamebyrå og/eller bedriftene selv. Disse sitter ofte med bedre datakompetanse enn trykkeriene og det blir en utfordring i fremtiden å snu denne trenden.

Harald konkluderte sitt interessante foredrag med å si at han representerer en spennende bransje som i fremtiden har bruk for folk med mange forskjellige type utdannelse.

ES

Møte 04.12.01:

Presidenten opna møte.
Ingen gebursdagar sidan sist.
På programmet stod "Fritt møte"

Presidenten hadde motatt brev frå "reserveguvenør" Eldbjørg Gui Standal, som han las opp. Presidenten refererte også eit skriv klubben hadde motatt frå "Brattvåggruppa" med invitasjon til folkemøte om planlagt kulturhus i Brattvåg. Resten av møte gikk praten livleg rundt borda, og referenten tar sikkert ikkje mykje feil når ein tippar at det var vårt framtidige kulturhus som stod i fokus!

LS

Møte 11.12.01:

President Bjørn opna møte. I høstprogrammet stod det "Presidentens møte"

President Bjørn hadde valt å lese opp P.D.G. Bernt Gulla`s foredrag på Distriktskonferansen den 9.juni 01.

Bernt Gulla innleide sitt foredrag, med tittelen **"Verdens befolkningsproblem"**, slik:

"Dere kjener den danske tegner og humorist Storm P`s treffende blinkskud To herrer sitter på en benk i parken. Den ene –som leser avisene sier: "Hvad mener du om verdenssituasjonen?" Og den andre som sitter og gnir seg i øyet svarer: "Verdenssituasjonen interesserer meg overhode ikke, jeg har fått et rusk i øyet."

Det er dette rusket vår verdenspresident Frank Devlyn har bedt oss å fjerne, når han ber rotarianere over hele verden engasjere seg i befolkningsproblematikken gjennom **"Rotarian Initiative for Population and Development"** Eller som vi her i Norge har kalt det: **"Rotary og befolkningsexplosjonen"**

Gulla viste til at jordens befolkning dei siste 30 åra har vokse frå 3,7 mrd. Til dramatiske 6 mrd!,

veksten har avtatt dei siste åra, men ennå øker folketalet med mere enn 200.000 pr. Dag !

Rotary og WHO mener at det er to hovedveier man må gå: -Å spre kunnskap om **familieplanlegging**, - og - Å bekjempe **analfebetismen**. Gulla kom i sitt foredrag inn på mange, og tankevekkende spørsmål som vi i vår rike del av verden burte tatt mene på alvor.

Gulla sluttet sit foredrag slik: "Selvsakt har vi mange store humanitære oppgaver å ta fatt på i vårt eget norske samfunn. Men vi er kanskje for tiden verdens mest privilegerte nasjon Så fortell ikke meg at vi ikke har kapasitet til også å plukke et rusk ut av øyet!"

LS

Møte 08.01.02

President Bjørn opna møte. Åremålsdag sidan sist, Arne Tande. Formannen i programkommiten la fram program for 2. halvår, og gjekk gjennom dette.

Dagens program: "Min romjulsbok".

Johan M. var først ute. Han hadde lest boka "Tragedien i Vestisen" av Arnold Farstad.

Forfattaren hadde samla stoff for om muleg å kaste nytt lys over den ufattelege tragedien som ramma 5 fangstskuter i Vestisen Påska 1952. Utan livsteikn forsvann alle dei 5 båtane der oppe i isbeltet, som strekker seg 75 mil mellom Jan Main og Grønland. Johan refererte frå boka, der også nære vene av Johan, frå Hareide, omkom. Ei

tragisk hending, som vi aldri får vite den fulle sanning om.

Neste mann ut var **Magne L.** Han hadde lest 3 (!) bøker i jula. Boka han festa seg mest med var Olav B. Rise og Arne Eggens bok "**Dikt i Garderoben**". Boka er ei kjærlekserklæring til dikt frå to fotballtrenarar. Boka var oppdelt i tema; Riise tok føre seg dei yngre lyrikarane, medan Eggen hadde koncentrert seg om dei meir kjente "gamle" lyrikarar. Dikta var alltid kommentert av dei to forfattarane. Magne las fleire av dikta, og kommentarane frå dei to. Alle dikt var, som ein kunne vente, vinkla mot fotball, og da helst mot Rosenborg!

Torleif M. var sistemann ut. Som den historieintresserte person Torleif er, var årbøkene til sogelaga i Tomrefjord, Vatne og Hamnsund eit sjølv sagt val. Men den boka som hadde fengt han mest var "**Jeg trodde på en ny dag**" av Erik Dalin. Boka handla om deportasjonen av 271 polititjenestemenn som vart sendt til konsentrationsleir i Polen under siste krig.

Av desse 271 stk var 3 stk frå Ålesund Politikammer. Dilemmaet for norsk politi var om ein skulle bli i tenesta, og gjere det beste utav denne, eller overlate til okkupasjonsmakta stillingane. Dei tenestemenn som ikkje skreiv under på lojalitetsdokumenta til okkupanten, vart tatt ut av teneste og sende bort. Erik Dalin skreiv dagbøker under heile opphaldet i Polen, desse greidde han å smugle med seg ut av leire. 13 stk av dei deporterte døydde, av desse 8 stk etter at dei var komne til Sverige, overgangen blei for stor....

Erik Dalin vart sjølv 102 år gammal.

LS

Møte 15.01.02:

Presidenten opna møte. Tove H. og Johan M. hadde feira åremålsdag sida sist.

Presidenten refererte brev frå Laurits Gjendemsjø der han bad om dugnadsinnsats til maling av alle tak i kirkekjelleren. Da klubben allereie har fylt opp årets dugnadsdagar, vart det vedteke at kvar enkelt medlem kunne henvenne seg til Lauritz for personleg innsats.

Kveldens program var **orientering om det planlagde kulturhuset** i sentrum.

Bjørn S. innleia med å referere eit brev frå Perry datert 1998, der Perry tok føre seg den historiske sida, for å få reist eit permanent kulturhus i bygda.

Det heile starta med bygginga av "Våghall" i 1950. Dette skulle vært eit midlertidig bygg inntil ein fekk reist det planlagde huset på nabotomta. Dette har ikkje skjedd enno, så ordtaket "Intet er så permanent som det midlertidige" er enno fullt gyldig. For enno 52 år etter har bygda berre "Våghall", eit lokale som sjølsagt ikkje stettar dagens behov. Bjørn tok så føre seg den kommunale handsaminga av planane for eit bygg i Storgata, som forutan kulturhus skal innehalde sjukeheim, omsorgsbustader, forretningar og kontor.

Njål Remmereit orienterte frå Brattvåg-gruppas arbeid oppi dette,

sist med eit stort folkemøte i HVS aula. Representantar frå dei politiske partia sat i panelet, og kravet frå ein fullsett sal var ”Vi vil ha kulturhus no!”.

Til slutt orienterte leiar for prosjektet Endre Sandnes. Han viste slides av byggets innhald, og orienterte om nemndas arbeid vedrørande finansiering av bygget, som er kostnadsrekna til 45 mil kr. Kommunestyret har vedteke at bygda må skaffe min. 30 % av kostnaden. Endre var optimist, for med det finanzielle løysinga som no ligg føre vil ein komme opp i ein andel på 45 %! Det står berre igjen å håpe på at denne gongen skal det lukkast, slik at bygda får sitt etter lengta kulturhus om ikkje altfor mange år.

LS

Møte 22.01.02.

President Bjørn opna møte. Program for kvelden var ved Erika R. Hatlehol. Erika driver Polaritetsinstituttet – ”For bedre livskvalitet” i Brattvåg. Erika heldt et svært engasjert foredrag om betre livskvalitet. Eit lite utdrag (stikkord) av foredraget:
”Å ha en god helse”. Ta på alvor kroppens ”signaler”. ”**Å ha tid for deg sjølv**”. Ta ein halv time kvar dag for å ta vare på seg sjølv. Vitenskapelege undersøkingar har vist at 80 % av våre lidningar har psykologisk bakgrunn. ”**Å ha tid til å lytte dersom nokon har behov for å snakke”.** Dette vil glede oss sjølve og andre. ”**Å vise ansvar for dine tankar, ord og gjerningar”.** Vi er blitt utstyrt med berre ein munn, men med to øyrer, kanskje dette har ein grunn ?

”Vise at vi er takknemlege for kva vi har”. Vere takknemlege for alt rundt oss, i heimen og i arbeid.
”Vise vi tek vare på naturen og føler ansvar for den” . Kvalitet framfor kvantitet, det sunne som naturen gir oss. **”Hvis vi lever i nuet”** Snakkar ein om det som har hendt, fortrenger ein nået. Tenk meir i nået. Menneskjer har lett for å kritisere andre, med dette seier ofte mere om den som kritiserer, enn den han kritiserer!
Folk jobbar og jobbar og har ikkje tid til familie og born, men håper jobbinga skal løyse alle problem. Dette er sjeldan tilfelle! Tvert imot vil det å ta ein pause vere med og auke livskvaliteten i staden for å auke stresset.
Ei engasjert dame, som fikk tilhøyrane til å lytte og kanskje identifisere seg med sin eigen situasjon i livet.

LS

Møte 29.01.02

Presidenten opna møte. Åremålsdagar Rolf Arne T. og Leif S.
Kveldens program, som skulle være yrkesforedrag, måtte gå ut på grunn av reise. I staden vart årsrekneskapen for år 2000/2001 lagt fram. Presidenten gjekk gjennom rekneskapen, som viste eit ordinært driftsoverskot stort kr. 5.668,-. Men på grunn av arr. av årets roundtripp vart overskotet snudd til eit underskot stort kr. 2.166,-.
Kapital inneståande i bank viste kr. 8.250,-
På slutten av møtet fekk vi ei orientering om kraftprisar v/ Rolf Arne T. Det å skifte kraftleverandør er blitt enkelt, men det

er ikkje fult så enkelt å orientere seg i stadig skiftande priser frå den enkelte leverandør.

Nettleige er der enno monopol på, så her må ein finne seg i den prisen den lokale linjeeiger forlangar.

LS